

	SOLA	FLO	FJÆRE
FREDAG 25/8:	06:15/21:04	01:55/14:22	08:12/20:24
LAURDAG 26/8:	06:18/21:01	02:34/15:00	08:53/21:05
SØNDAG 27/8:	06:20/20:58	03:12/15:39	09:34/21:49
MÅNDAG 28/8:	06:23/20:55	03:52/16:19	10:19/22:38

Tips oss på telefon 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20 - E-post: avisa@strilen.no - www.strilen.no

GODT SAGT

For første gang, for første gang... Det giver mang en småting rang.

HENRIK WERGELAND

NAMNEDAG

25/8: Louise, Lovise, Ludvig
26/8: Eivind, Even, Øyvind
27/8: Roald, Rolf
28/8: Artur, August

VÊR OG VIND

I dag og i morgon: Delvis skya, svak vind frå sør-sørvest. Opplett.
Søndag: Regn. Svak vind frå sør-sørvest.
Måndag: Regn. Lett bris frå sør.

STINA I STØÆ

Eg såg ho Erna fekk svinga dirigentpinnen over Knarvik skulekorps sist veke. Får ho også dirigera ei ny regjering etter valet, skal tru?



Måleri og foto i Galleri Rustica

I morgon opnar ei ny utstilling, med måleri av Annfrid Leikvoll og foto der havet er tema.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Denne helga er det kystsogedagar i Holmeknappen i Meland, og tid for opning av nye utstillingar i Galleri Rustica. Denne gongen har Annfrid Leikvoll med seg arbeid som er i ein litt ny stil for henne.

– Måleria er lysare, lettare, luftigare - eventyrlege, fargeglade og fulle av frodig livsglede. Her er mykje stimulans for fantasi, draumar og tankeflukt, heiter det i ei melding om utstillinga.

Leikvoll held til vanleg til i sitt eige galleri Songfuglen i Isdalstø, og i Italia.

– I Italia har ho årlege målekurs, der det har vore med mange frå Nordhordland, men og frå andre stader i landet.

Fotoutstilling

I tillegg til måleri kan ein sjå foto med samletema «Havet lever - havet lider». Mellom dei som har med bilde er Laila Gangstad, Ingmar Hindenes, Karl-Erik Olsson og Jostein Vågenes.

– Utstillinga har mange bilete av havet, vakkert, vilt og veldig. Men også av våre sivilisatoriske spor i havet, ulik forureining og oppryddingsarbeid. På utstillinga vil ein også finna dømme på gode, naturvenlege alternativ til nokre vanlege plastprodukt, heiter det i meldinga om utstillingsopninga.

Utstillinga opnar på Kystsogedagane, i morgon laurdag 26. august, og er også open søndag. Vidare er utstillinga open i hel-

gene fram til og med søndag 17. september.

Og elles i vekene etter avtale - galleriet har «døgnoen fleksitid», som Leif Johnsen i Galleri Rustica kallar det.

Konsert med May Sissel

Søndag 27. august kan ein avslutta kystsogehelga i Holmeknappen med konsertbesøk i Galleri Rustica, der May Sissel Rismyhr Jansen står på scena.

– May Sissel er ein lokal artist busett på Frekhaug. Ho har tidlegare gitt ut CD med gruppa Jan Mayen, og har nett laga ein ny med eigne songar, heiter det i ei melding om konserten.

På konserten i Galleri Rustica har ho med seg Oscar Jansen på piano og Jan Martin Jansen på bass.

– Lokalet, lite og intimt som det er, passar fint til hennar uttrykk. Publikum kan venta seg ei musikkoppleving i nærkontakt med solist og musikarar.

Billetter vert selde på førehand på Tikkio.no. Ved stor pågang kan det bli ekstrakonsert same kveld.



SPELAR: May Sissel Rismyhr Jansen står på scena i Galleri Rustica søndag 27. august. Pressefoto



STILLER UT: Måleri av Annfrid Leikvoll.



HAVET: Dette bildet er eitt av fleire som blir vist i Galleri Rustica frå kommande helg.



HAVET: Jostein Vågenes har tatt dette bildet. Foto: Jostein Vågenes

Kom til Eknesvågen og lær om oselvaren

Oselvaren er tema under kystsogeweke-arrangementet i Eknesvågen søndag 27. august.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

– Me får besøk av Åsmund Lien, i dag pensjonist, men tidlegare dagleg leiar av oselvarverkstaden i ein periode på 18 år. Han vil halda eit innlegg med tittelen «Å berga eit gammalt handverk - Oselvaren frå

vikingtida og fram til i dag», seier Karstein Bjørge i Eknesvågens Venner.

Oselvaren har i tusenvis av år vore viktig for kystfolket.

– Båttypen fekk namnet oselvar etter nokre båtbyggjarar som held til ved utløpet av Oselva i Os kommune.

I 2009 gjennomførte Redningsselskapet ei SMS-røysting der oselvaren vårt kåra til «Norges nasjonalbåt, og i 2016 vart oselvaren sett på Unesco si liste over immateriell verdsarv.

– Åsmund Lien var ein av dei som stod bak søknaden om å få oselvaren og oselvarverkstaden inn på denne UNESCO-lista.

Oselvarverkstaden opna i 1997. Føremålet med verkstaden var å driva opplæring av nye båtbyggjarar, og slik halda liv i den spesielle båten.

Arrangementet er i bokkafeen i Eknesvågen, på ettermiddagen søndag 27. august.



HISTORISK: Lær om gamle båtar under arrangementet i Eknesvågen søndag 27. august.